



Bygdeutvikling

Suldal kommune

NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato: 10.03.2025

Arkivkode: K2-S04
Dykkar ref. 762ca8df-d15f-4d57-
9f2f-69227414b612
Vår ref. 17/262-194
25/4422
Torill Telstad

**HØYRINGSVAR FOR SAKSNUMMER 201913014 (VILKÅRSREVISJON) OG
SAKSNUMMER 202320330 (KONSESJONSSØKNAD) FOR RØLDAL-
SULDAL-REGULERINGA I ULLENSVANG OG SULDAL KOMMUNAR**

Viser til høringsbrev dagsett 23.04.25 og brev med utsett høringsfrist dagsett 21.05.25.

Suldal kommune vel å gje ei samla uttale til konsesjonssøknad og vilkårsrevisjon for Røldal Suldal reguleringa. Uttalen vart handsama i kommunestyret 06.03.25. og uttalen er kommunestyrevedtaket og vedlegg 1 med vilkår og merknader.

Kommunestyre gjorde fylgjande vedtak i sak 007/25:

Uttale – konsesjonssøknad om opprusting og utviding, samt vurdering av vilkårsrevisjon for Røldal Suldal kraftverk

1.

Suldal kommune rår til at Lyse Kraft får konsesjon for opprusting og utviding av kraftverka i Røldal-Suldal (RSK), under føresetnad av at vilkår og merknader blir teke til følgje, slik dei kjem fram i "Høyringsvar frå Suldal kommune – konsesjonssøknad om opprusting og utviding, samt vilkårsrevisjon av Røldal Suldal kraftverk» (vedlegg 1).

Suldal kommune sine vilkår gjeld avbøtande tiltak for at omsøkte konsesjon og vilkårsrevisjon betre sikrar nasjonale, viktig regionale og lokale natur- og miljøomsyn, og særleg sikrar leveområde for villrein.



| Eidsvegen 7, 4230 SAND
| Bankgiro: 3202.07.01153

| 52 79 22 00
| org. nr 964 979 189

| postmottak@suldal.kommune.no
| www.suldal.kommune.no

2.

Suldal kommune fremjar sine merknader og krav til revisjonsdokumentet slik det kjem fram i «Høyringsvar frå Suldal kommune – konsesjonssøknad om opprusting og utviding, samt vilkårsrevisjon av Røldal Suldal kraftverk» (vedlegg 1).

Mange av framlegga i revisjonsdokumentet frå Lyse kraft er avhengig av konsesjonssøknaden om ny utbygging. Det er viktig at vilkårsrevisjonen gir pålegg om gjennomføring av miljøtiltak, uavhengig av om det vert gitt konsesjon eller ikkje, til opprusting og utviding av kraftverka i Røldal-Suldal (RSK).

Med følgande kommentarar og vilkår til konsesjonssøknaden:

Suldal kommune er uroa for påverkinga utbygginga kan ha for villreinstammen, og tek atterhald om at tilrådinga kan endra seg som ein konsekvens av eit oppdatert kunnskapsgrunnlag bestilt av NVE, og dersom vilkåra knytt til avbøtande tiltak for villrein ikkje vert imøtekomme i konsesjonen.

Suldal krev også at det vert gitt utvida frist på høyringa av NVEs innstilling, slik at det er mogeleg å handsama høyringa politisk.

Suldal kommune ber NVE leggja til grunn følgande vilkår for konsesjonen:

- 1) At RSK og Ulla Førre-prosjekta vert sett i samanheng.
- 2) At utbyggjar må utarbeida ein trafikktryggleiksplan som spesielt ivaretek mjuke trafikantar i Øvre Suldal.
- 3) At RSK må ta ansvar for å ivareta og styrka eksisterande næringar, spesielt landbruk, i området der utbygginga skjer.
- 4) At konsesjonen skal ha med vilkår for Statnett sine nettutbyggingar som må komma i tilknytning til sjølv kraftverksopprustingane.
- 5) At konsesjonen skal ha krav om minimum 10 varige lokale arbeidsplasser.
- 6) At utbyggjar må ha flaumsikring som eit sentralt fokus.
- 7) At utbyggjar må sjå på tekniske løysingar som gjer minst mogeleg negative konsekvensar for natur, miljø og innbyggjarar, som til dømes frostrøyk.
- 8) At pumping til Holmavatnet ikkje må skje ved islegging, seinast 1. desember og tidlegast 20.4
- 9) At utbyggjar bør på generelt grunnlag søka å oppnå ei forsiktig vannstandsauke ved pumping.
- 10) At ein behandlar søknadane om utbygging i austre- og vestre vassdrag kvar for seg

Følgjande vedlegg er ein del av uttalen og er referert til i kommunestyrevedtaket som vedlegg 1:

Vedlegg 1

- *«Høyringsvar frå Suldal kommune – konsesjonssøknad om opprusting og utviding, samt vilkårsrevisjon av Røldal Suldal kraftverk».*

I tillegg ligg sakspapir frå fullstendig politisk handsaminga av uttalen ved som vedlegg 2 og Suldal kommune si faglege vurdering av søknad og revisjon som vedlegg 3.

Med helsing

Torill Telstad
Rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent